

AUSTRHEIM KOMMUNE  
 Sætremarka 2  
 5943 AUSTRHEIM

## Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om dispensasjon til oppføring av nedbrent husmannsstove på gbnr. 152/29 - Austrheim kommune

Viser til brev datert 20.08. 2020 med søknad om dispensasjon i ovanfor nemnde sak. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

### Kva saka gjeld

Austrheim kommune har motteke ein søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til oppføring av ei husmannsstove som har brent ned. Stova, som opphavleg var ei røykstove frå 1700-talet, vart bygd om til lemstove på 1800-talet. I følgje munnlege opplysningar skal stova vere flytta frå Masfjorden til Njøten om lag 1820, og derifrå til Snekkeviken i 1890-åra, kor den vart sett opp som ei husmannsstove. Stova brann ned i august 2016. I dag står berre grunnmuren att.

Den nedbrente bygningen hadde ikkje formell vernestatus, men er registrert i SEFRAK med ID 1264-0004-021. I Askeladden er den registrert som «ikkje freda», med ID 178748-1. I Askeladden er bygningsstatusen no endra frå «stående bygning» til «brent bygning».

Stova er søkt attreist på eksisterande grunnmur og inngangsparti. Søker ønskjer å i størst mogeleg grad å kopiere stova som brann ned. Eigar av huset er ikkje eigar av den faste eigeidomen. Det føreligg konflikt knytt til festeretten. Det føreligg dom frå Lagmannsretten frå 2003 som gir søker – gjennom arv – eigedomsrett til huset. Tiltaket ligg i område som er avsett til LNFR i kommuneplanen (2019-2029). Austrheim kommune opplyser at dei stiller seg positiv til dispensasjonssøknaden, særleg grunna kulturminneverdiane til husmannsplassen.

### Vurdering av tiltaket

#### Nyare tids kulturminne

Lemstovene er ein bygningstype som vart det typiske vestlandske bustadhuset på 1800-talet. Mange av desse stovene er i ferd med å forsvinne, noko som uroar kulturminnemyndet, då vi meiner at det forringar både bygningsmiljøet og kulturlandskapet på bygdene. Vestland fylkeskommune finn det positivt at eigar av den nedbrente stova ønskjer å bygge ho opp att på eksisterande grunnmur og inngangsparti, og i så stor grad som mogeleg som ein kopi av stova slik ho stod før brannen. Sjølve stova er tapt som kulturminne, men bygningstypen vil vere eit positivt element i kulturmiljøet.

#### Automatisk freda kulturminne

Omsøkte dispensasjon gjeld oppføring av ei nedbrent husmannsstove på eksisterande grunnmur. Vi ynskjer å presisere at nedanståande fråsegn berre gjeld dette tiltaket. Skal ein gjennomføre andre tiltak i eller på grunnen/marka skal desse sendast seksjon for kulturarv til fråsegn. Dette gjeld både for permanente og midlertidige tiltak i samband med byggefasen.

Tiltaket ligg ved Fosenstraumen eit sund som ligg mellom Alver og Austrheim kommune. Her er registrert eit svært stort tal automatisk freda kulturminne frå steinalderen, som utgjer eit heilskapleg kulturmiljø av nasjonal verdi. Då tiltaket gjeld oppføring av husmannsstove på eksisterande grunnmur har me ingen merknader i saka.

### Konklusjon

I høve nyare tids kulturminne finn Vestland fylkeskommune det positivt at den nedbrente husmannsstova på gbnr. 152/29 i Austrheim kommune vert bygd opp att på eksisterande grunnmur og inngangsparti, og i så stor grad som mogeleg som ein kopi av stova slik ho stod før brannen i august 2016.

I høve automatisk freda kulturminne har vi ingen merknader til at den nedbrente husmannsstova ved Fosenstraumen vert bygd opp att på eksisterande grunnmur og inngangsparti.

Vi ber om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr  
fagleiar

Helene Moe  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Sakshandsamarar: Helene Moe og Sigrun Wølstad